

Alle foto: Even Øverbø

INFORMASJONSSKRIV

FRÅ LANDBRUKSKONTORET ØRSTA VOLDA



Nr. 1/2022

Årgang 31

Postadresse: Ørsta kommune, Landbrukskontoret Ørsta Volda, Dalevegen 6, 6153 Ørsta

Besøksadresse: 3. etg i den "gamle" delen av Rådhuset

e-postadresse: postmottak@orsta.kommune.no

Infoskrivet vert sendt i e-post til alle som til ei kvar tid er registrert som søkjarar av produksjonstilskot, aktive skogbrukarar, og fleire andre som er knytt til næringa. Dei vi ikkje har e-postadressa til får skrivet pr. post. Send oss e-postadressa di så får du skrivet på e-post neste gong (og vi sparer porto)!
Skrivet ligg og på heimesidene til kommunane Ørsta og Volda.

Innhald:	Side
Produksjonstilskot 2022 del 1	1
Tilskot til grøfting/drenering av jordbruksareal	2
Ny tilsett på kontoret	2
Innovasjon Norge	2
Støtte til rådgjeving	3
Regionalt miljøprogram - RMP	3
Utvalde kulturlandskap i Hjørundfjorden og Norangsdalen	3
Tilskot til skogsvegar, taubane og skogkultur	4
Skogprosjektet	4
Forvaltningsplan for hjort i Volda kommune 2022-2027	4

Produksjonstilskot 2022 del I

Produksjonstilskot er ei fellesnemning for fleire statlege tilskotsordningar for føretak som driv vanleg jordbruksproduksjon.

Korleis søkje? Mer informasjon om kven som kan søkje, rettleiing og søknad finn du her:

[Produksjonstilskot](#)

Søknadsfristar:

Det er to søknadsfristar; 15. mars: Søknad for føretak med husdyr, med telledato 1. mars og du kan søkje om:

- Husdyrtilskot (unnatak bifolk)
- Tilskot til økologisk husdyrproduksjon

Alle som har husdyr må sende inn del I enten dyra gjev rett på tilskot eller ikkje, då dyretalet legg grunnlaget for kva du får i:

- tilskot for avløyning ved ferie og fritid for 2022
- areal- og kulturlandskapstilskot for 2022

Desse tilskota søker du om i del II, med frist 15. oktober, men du må ha registrert dyra du

disponerer pr. **1. mars** for at desse skal vere med i tilskotsgrunnlaget for dei to tilskotsordningane.



Fristen 15. oktober gjeld søknad for både husdyr- og planteproducentar og tilskot til avløyning ved ferie og fritid.

Leverte søknadar kan endrast innan 14 dagar etter søknadsfristen.

OBS! Ein kan levere søknaden innan 14 dagar etter søknadsfristen dvs. fram t.o.m. 29. mars/oktober, men tilskotet vert då redusert med kr 1.000 for kvar dag ein går over fristen.

Difor – ver ute i god tid, og send inn søknaden straks mars er her. For mange får trekk, og det er pengar ein kunne spart.

Ver og nøye med utfyllinga, og sjekk at du har fått med alt. Som søker er du ansvarleg for søknaden og utfyllinga. Ta kontakt eller kom innom så gjev vi rettleiing, om du er usikker på utfyllinga.

Tilskot til grøfting av jordbruksareal – drenering

Til dreneringstiltak har Volda fått ein pott på kr 250.000 og Ørsta ein pott på kr 200.000.

Tilskotet utgjer inntil kr 2.000 per dekar eller kr 30 per løpemeter ved mindre grøftarbeid, avgrensa til kr 2.000 pr daa berørt areal.

Vilkår:

- Ordninga gjeld dyrka jord som har vore grøfta før.
- Arbeidet må ikkje vere igangsett.
- Plan for grøftinga skal ligge ved søknaden

Kommunen betalar ut tilskotet etter at søkjar har dokumentert at tiltaket er gjennomført. Arbeidsfrist er 3 år.



Føremålet med drenering er å auke kvaliteten på tidlegare grøfta dyrkajord til fordel for både avlingar og miljø. Det vert ikkje gitt støtte ved nydyrking. Ordninga gjeld tidlegare grøfta dyrka jord. Det er og ein viktig lekk i å tilpasse jordbruksareala til eit endra klima med meir nedbør.

Tilskot til drenering kan ikkje løyvast der tiltaket kan føre til:

- vesentleg skade på andre sin eigedom eller naturmangfaldet
- vesentleg fare for flaum og ureining
- fare for skade på automatisk freda kulturminne

Meir informasjon finn du på Landbruksdirektoratet. <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/tilskudd-til-drenering-av-jordbruksjord>

Søknadane vert handsama etterkvart som dei kjem inn.

Ny tilsett på kontoret



Guro Sterud Stutlien starta hos oss 3. januar 2022. Ho har teke over etter Åshild Steinnes. Guro er oppvaksen på gard i Torpa (Innlandet) og er utdanna sivilagronom frå NMBU. Ho har tidlegare jobba som fôringsrådgivar i TINE og Fiskå Mølle. Bur nå på Seljeset i Hornindal, der ho og sambuaren driv med sau. Ho arbeidar førebels med produksjonstilskot, SMIL-midlar og plantevern/gnagarmidlar.



Interesse for å søkje investeringsstøtte frå Innovasjon Norge (IN) er bra. For tida er det inne 12 søknadar frå Volda og Ørsta som ventar svar.


I år prioriterer IN storfe og geit, der målet er å få med flest mogleg av bås fjøsa, over på lausdrift. 80 prosent av midlane skal prioriterast til mjølk- og kjøttproduksjon på storfe og geit. Det skal leggast særleg vekt på omlegging til lausdrift i mjølk- og storfekjøttproduksjon, samt ombygging for å stette krav til dyrevelferd.

Ein vil og ha auka produksjon innan potet, frukt, bær og grønsaker. Gjødellager kan og prioriterast når noverande lagerkapasitet er under 10 mnd. Prosjekt i samband med generasjonsskifte og bygdenæringar kan og få støtte.

Støtte til rådgjeving

Nytt i år er eit viktig prosjekt som er retta mot mjølkeprodusentane med bås fjøs, grunna krava om omlegging til lausdrift. Mange vil ha behov for

planlegging og rådgjeving i vegvala som skal gjerast. Status er at om lag 40 % av mjølka i Ørsta og Volda vert produsert i båsfjøs. Difor er desse ei prioritert målgruppe dei komande åra.




Produsentar som melder seg på kan få dekt 50 % av kostnaden til rådgjeving/planlegging (maksimalt kr 10.000). Prosjektet er finansiert av Møre og Romsdal Fylkeskommune, og det er organisert gjennom Norsk Landbruksrådgjeving ved Landbruk Nordvest.

Døme på kostnadar ein kan få dekt delar av:

- Byggrådgjeving
- Driftsplanlegging/økonomisk rådgjeving
- Rådgjeving i høve vegval og strategi

Ein kan nytte rådgjevarar frå Norsk Landbruksrådgjeving t.d. NLR Vest og Landbruk Nordvest, Tine, Nortura, eller andre.

Påmelding/søknad for å få støtte skjer til Landbruk Nordvest. Du finn meir informasjon og påmeldingsskjema her: [Påmelding](#)
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har og omtale på sine nettsider: [Info støtte rådgjeving](#)



Regionalt Miljøprogram (RMP)

Tal søkjarar om tilskot gjennom det regionale miljøprogrammet aukar jamt og trutt. Dei fleste søkjarane har bratt areal eller dei spreier husdyrgjødsel før 10. august. Tal frå 2021:

Tiltak	Søkn.	Mengde	
Bratt areal	153	4.045	Daa
Slått av verdifulle jordbruksareal	12	1.251	Daa
Biologisk mangfald	1	2	Daa
Beiting kystlynghei	1	24	Sau
Hekkeområde for fugl	2	6	Daa
Setring	9		
Skjøtsel gravminne	13	20	Stk
Fangdam	3	4	Stk
Tidleg spreing husdyrgjødsel	135	20.602	daa
Nedlegging av gjødsel	7	648	Daa
Slangespreing	33	4.319	Daa
Klimarådgjeving	3	3	stk

Organisert beitebruk - beitelaga

Tal lag	Slept småfe inkl lam	Slept storfe
17	9.853	1.707

Produksjonstilskot – kompensasjon for kostnadsvekst

28.10.2021 vart det gjennomført tilleggsforhandlingar om kompensasjon for ekstraordinær kostnadsvekst på gjødsel og bygningsmaterialer, mellom staten og organisasjonane i jordbruket.

Kompensasjonen vart gitt ved at ein del satsar i produksjonstilskotet vart plussa på.

Kompensasjonen var innbakt i produksjonstilskotet som kom i førre veke. Satsane nedanfor er pr. dyr eller pr. daa. Endringar som vi har fanga opp:

Dyreslag:	Endring:
Mjølkekyr:	Tilskotet pr dyr er auka med kr 440
Ammeku:	Tilskotet pr dyr er auka med kr 110
Øvrige storfe:	Tilskotet pr dyr er auka med kr 28
Mjølkegeit:	Tilskotet pr dyr er auka med kr 50
Sau/ammegeit:	Tilskotet pr dyr er auka med kr 15
Hjort >1år	Tilskotet pr dyr er auka med kr 15
Arealtilskot korn:	Tilskotet pr daa er auka med kr 32
Arealtilskot potet:	Tilskotet pr daa er auka med kr 150
Arealtilskot grønsaker:	Tilskotet pr daa er auka med kr 200
Arealtilskot frukt:	Tilskotet pr daa er auka med kr 100

Utvalde kulturlandskap i Hjørundfjorden og Norangsdalen

UKL-ordninga i Hjørundfjord og Norangsdalen har fått kr 1.226.170 i ramme for 2022. Deler av denne ramma skal gå til eit eige prosjekt for fjerning av piggråd. Meir informasjon om dette prosjektet blir sendt ut seinare.

Føremålet med ordninga tilskot til tiltak i Utvalde kulturlandskap (UKL) er å medverke til å sikre

verdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturminne og kulturmiljø, og å sikre langsiktig skjøtsel og drift. Det kan søkjast om tilskot til tiltak innafør UKL-området, som er fjordbygdene langs Hjørundfjorden og i Norangsdalen.

Vi jobbar med å få godkjent nye retningsliner for UKL-ordninga, og håpar retningslinene blir godkjent av både Volda og Ørsta kommune i løpet av våren. Meir informasjon om UKL følgjer utover våren. Søknadsfrist i 2022 er satt til 19. april. Det er elektronisk søknad på same måte som for SMIL-ordninga, med innlogging via ID-porten/Altinn.

Ta kontakt med Jan Endre dersom de ønskjer meir informasjon, eller hjelp til utarbeiding av søknader m.v. Lenke til meir info: [UKL](#)



Tilskot til skogsvegar, taubane og skogkultur 2022

Kommunen har vedtatt følgande tilskotssatsar for skogbruket i Ørsta og Volda i 2022.

Tilskotssatsar veg:

- Skogsbilveg inkl. snu-/lunne plassar: inntil 50 %.
- Vegar etter hovudplan eller foreløpig hovudplan kan få inntil 60 % tilskot.
- Traktorveg kl. 7: inntil 40 %. Høgaste sats kan berre brukast der vegen seinare vil bli bygd om til skogsbilveg.

Tilskotssatsar taubane:

- Taubanedrift furu og lauv: inntil 200 kr/m³.
- Taubanedrift gran: inntil 140 kr/m³.
- Manuell felling til hogstmaskin i bratt terreng. 60 % tilskot for dokumentert kostnad. Inntil 400 kr/time.
- Ved treslagskifte, med førehandsgodkjenning av kommunen, inntil 250 kr/m³ for hogst av lauv og inntil 150 kr/m³ for hogst av furu.
- Hjelpevinsj: inntil 20 kr/m³.

Tilskotssatsar skogkultur:

- Nyplanting: 50 %.
- Planting ved treslagskifte til gran: 70 %.
- Suppleringsplanting: maks 80 %.

- Flatelydding/ungskogpleie/ringbarking: maks 70 %.
- Grøfting: 40 %.

Skogprosjektet







Skogprosjektet vart starta i 2018 med finansiering frå statsforvaltaren, rentemidlar frå skogfondet og Ørsta og Volda kommune, prosjektleiar er Håkon Eliassen. I lag med skogansvarleg i Ørsta og Volda vart det plukka ut felt etter hogst som Håkon har sett nøye på. På felta har han registrert talet på planter, levande og daude, behov for supplering osv. Det har vore eit par år med mindre aktivitet grunna korona, men i 2022 satsar ein på høg aktivitet på prosjekt. I 2022 vil ein vil sjå på områder som må plantast, supplerast, utførast ungsogpleie på og felt som kan egne seg for treslagskifte til gran.

Forvaltningsplan for hjort i Volda kommune 2022-2027

Volda kommune skal vedta forvaltningsplan for hjort i år. Høyringsfristen er 7.mars 2022.

Sjå meir info her: [Forvaltningsplan for hjort i Volda](#)

Tilsette ved kontoret:

	Liv Bente Viddal Tlf 907 04 008 E-post: liv-bente.viddal@orsta.kommune.no Liv Bente er leiari for kontoret og for seksjonen kultur og landbruk i Ørsta. Sakshandsamar jordlovsaker og har hjorteviltforvaltninga i Ørsta, og konsesjonsaker. Registrerer eigenfråsegner om konsesjonsfridom i matrikkelen.
	Dorota Wozna Tlf 907 23 453 E-post: dorota.wozna@orsta.kommune.no Dorota er sakshandsamar for tilskotsordningane for drenering, SMIL, produksjonstilskot Volda, sjukdomsavløyning, mv.
	Guro Sterud Stutlien Tlf 907 04 501 E-post: guro.sterud.stutlien@orsta.kommune.no Guro er sakshandsamar for produksjonstilskot Ørsta, SMIL, plantevern, mv.
	Jan Endre Nesdal Tlf 902 55 815 E-post: jan.endre.nesdal@orsta.kommune.no Jan Endre er sakshandsamar for produksjonstilskot og RMP Hornindal, UKL-ordninga, oppfølging av driveplikt i Volda, mv.
	Peder Magnussen Tlf 452 82 680 E-post: peder.magnussen@orsta.kommune.no Peder er skogansvarleg ved kontoret. I tillegg til alt innan skogbruk har han viltforvaltninga i Volda.
	Børild Skåra Tlf 906 99 240 E-post: borild.skara@orsta.kommune.no Børild er sakshandsamar for jordlovsaker i Volda, RMP, beitelaga, gardskart, Innovasjon Norge, nydyrking, driveplikt Ørsta, mjølkekvoter, mv.